



STATSFORVALTAREN I ROGALAND
Postboks 59 Sentrum
4001 STAVANGER

Saksbehandler, innvalgstelefon
Silje Sævik Bøe, 5557 2125

Time kommune, gbnr. 51/1, Bergene, omgjøring av vedtak om dispensasjon for oppføring av gardsvindmølle til avslag, settestatsforvaltar

Vi viser til Kommunal- og distriktsdepartementet si oversending av 06.09.2023 med oppnemning av Statsforvalteren i Vestland til settestatsforvaltar for å gjere vedtak i saka.

Vedtak

Statsforvalteren i Vestland omgjer Time kommune v/ Utval for lokal utvikling sitt vedtak av 25.05.2023, sak 046/23, slik at det ikkje blir gitt dispensasjonar for oppføring av gardsvindmølle på gbnr. 51/1, Bergene.

Bakgrunn for saka


Saka gjeld søknad om oppføring av gardsvindmølle på landbrukseigedommen gbnr. 51/1, Bergene. Det blei gitt midlertidig dispensasjon og løyve til eit slikt tiltak i 2012/2013, men tiltaket blei ikkje sett i verk og løyvet er falle bort. Time kommune avviste i februar 2023 søknad om rammeløyve for oppføring av gardsvindmølle med ei totalhøgde på 27 meter på eigedommen. Tiltakshavaren Tor Even Mæland klaga på avvisingsvedtaket, men kommunen tok ikkje klaga til følgje.

Tiltakshavaren søkte deretter den 06.03.2023 om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4, LNF-føremålet og plankrav i kommuneplanen sin arealdel (KPA) for oppføring av gardsvindmølle. Søknaden om dispensasjon gjeld ei gardsvindmølle inntil 100 Kw, enkeltstående vindturbin med ei totalhøgde på 42,2 meter (30 meter høg søyle og rotordiameter på 24,4 meter), for produksjon av straum til landbrukseigedommen gbnr. 51/1 og for på sikt auke produksjonen ved garden. Det går fram av søknaden at tiltaket har same plasseringa som i søknad i 2012/2013 (utgått dispensasjon) og avvist søknad i februar 2023.


Det går fram av saka og Nibio sitt gardskart at gbnr. 51/1 er på totalt 941 dekar, der av 96,5 dekar fulldyrka jord, 243 dekar innmarksbeite, 17,5 dekar produktiv skog og 561 dekar anna markslag. Ifølgje databasen for produksjonstilskot er det pr. 15.06.2023 registrert produksjon med 21 ammekyr, 14 anna storfe og 45 vinterfora sau.



Regionale og statlege sektormyndigheiter har gitt fråsegn i saka. Statsforvaltaren i Rogaland rådde den 30.03.2023 frå dispensasjon, og viste i det vesentlege til ulemper for omsynet til fugleliv, naturmangfald og landskapet. Rogaland fylkeskommune v/ seksjon for kulturarv rådde den 11.04.2023 frå dispensasjon, av omsyn til regionalt viktige verdiar, slik som landskapsverdiar, KULA-landskap og artsmangfald. Vi viser elles til fråsegna.



Kartet til venstre viser plassering av tiltaket på eigdommen. Kart til høgre som viser eigdommen er henta frå Nibio.



Utklipp frå artsobservasjonar.no, som viser lokalitetar der det er observert vipe. Eksisterande vindmølleparkar er grovt teikna opp med svart.

Time kommune v/ Utval for lokal utvikling ga dispensasjon til tiltaket den 25.05.2023, sak 046/23.

De klaga på vedtaket den 15.06.2023. I klaga seier de at gardsvindmølla er plassert sentralt i eit våtmarksområde, og påverkar naturmangfaldet negativt i dette økologiske funksjonsområdet. De seier at kommunen i si vurdering har sett på «fugleliv» under eitt, og ikkje sett på forskjellar i biotypar og artar. Vidare blir det gjort gjeldande at det ikkje er gjort ei tilstrekkeleg vurdering av samla belastning etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

De er usamde i kommunen si vurdering av at ei gardsvindmølle ikkje vil føre til større ulemper enn det som er tilfellet i dag, med store industrivindmøller i området. De seier at Litlamøset og



Storamoset er eit sårbart, større og samanhengande våtmarkssystem, som står i ein særstilling på Høg-Jæren, der fleire raudliste-fuglearter er observerte. Ei gardsvindmølle vil kunne gi kollisjonsfare og negative konsekvensar på områdebruken. De seier vidare at omkringliggende vindmøller vil ha mindre påverknad for våtmarksfuglane som oppheld seg i området, og viser til kart frå artsobservasjonar.no som viser at hekkeområda til desse fugleartane i mindre grad blir råka av dei eksisterande vindmøllene. Dei eksisterande vindmøllene vil i betydeleg større grad påverke andre artsgrupper, som trekkande rovfugl. Ei gardsvindmølle i kjernen av dette våtmarksområdet vil derimot innebere eit heilt nytt inngrep for desse våtmarksartane.

De seier vidare at kommunen ikkje har lagt vekt på fråsegn frå regionale og statlege myndigheiter, og sett bort frå kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet som Statsforvaltaren i Rogaland gav i fråsegn av 30.03.2023. De gjer gjeldande at ein dispensasjon vil tilsidesette ei klar nasjonal interesse i form av ivaretaking av eit våtmarksområde med eit stort tal raudlista artar, jf. pbl. § 19-2. De seier også at med ein vesentleg auke av tiltaket si høgde i forhold til tidlegare søknad, vil straumproduksjonen gå langt utover det som er behov for på gardsbruket. Ei vindmølle i eit sårbart våtmarksområde er svært konfliktfullt med omsyn til biologisk mangfald og naturomsyn, enten ho er 27 eller 41 meter. Vi viser elles til klaga.

Tiltakshavaren kom med tilsvar til klaga den 27.06.2023. Han uttrykker stor forundring over at Statsforvaltaren i Rogaland overprøver det einstemmige vedtaket frå kommunen. Han viser til at det tidlegare har vore godkjent ei gardsvindmølle på garden, at Utval for lokal utvikling har handsama saka to gonger med einstemmige positive vedtak og at det er eit ønskje frå regjeringa at kommunane skal ha større makt i vindkraftsaker.

Tiltakshavaren viser vidare til at området ligg utanfor landskapsvernområde og KULA-område. Han stiller vidare spørsmål ved om kjeldedokumentasjonen henta frå databasen Artsdatabanken, som Statsforvaltaren i Rogaland viser til, er påliteleg. Vidare blir det vist til at det er rapportert om lokale fuglearter og vindturbinar sine verknader for fugl i årevis i samband med realisering og godkjenning av store vindkraftprosjekt i området, og seier at gardsvindmølla oppført på tunet på eigen gard ikkje vil ha betydeleg negativ påverknad på fuglelivet. Tiltakshavaren viser til Statsforvaltaren i Rogaland si fråsegn i ei tilsvarande sak frå Hå kommune i juli i år, der området er registrert som «Jæren Important Bird Area», og seier at Statsforvaltaren sine vurderingar om naturverdiar og vindturbinen sine verknadar er vilkårlege.

Time kommune v/ Utval for lokal utvikling handsama klaga i møte den 31.08.2023, sak 067/23. Klaga blei ikkje tatt til følgje, og saka er send over til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Vi mottok dokumenta i saka frå Statsforvaltaren i Rogaland den 12.09.2023.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles, viser vi til dokumenta i saka. Vi føreset at partane er kjende med desse. Statsforvaltaren finn at saka er tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvl.) § 33 siste ledd.

Regelverk og plangrunnlag

Statsforvaltaren er delegert myndigheit til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Forvaltningslova gjeld for Statsforvaltaren si handsaming av saka, sjå pbl. § 1-9. Statsforvaltaren kan prøve alle sider av vedtaket som er påklaga, og ta omsyn til nye omstende, jf. fvl. § 34.



Statsforvaltaren skal som klageinstans leggje stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret ved prøving av det frie skjøn, jf. fvl. § 34 andre ledd. Etter fvl. § 34 kan klageinstansen sjølv treffe nytt vedtak i saka, eller oppheve kommunen sitt vedtak og sende saka tilbake for ny eller delvis ny handsaming.

Planstatus

Eigedommen er ikkje regulert. I kommuneplanen sin arealdel (KPA, vedtatt 15.06.2021) er eigedommen avsett til LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt verksemd.

Det går fram av KPA § 23.1 at areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt verksemd skal vere basert på gardsbruket sitt ressursgrunnlag og drift i dag.

Av KPA sine føresegner § 3.1 går det fram at det er plankrav for søknadspliktige tiltak etter pbl. § 20-1.

Reglar for dispensasjon

Utgangspunktet i byggjesaker er at tiltakshavaren har krav på å få godkjent søknad om tiltaket, dersom tiltaket ikkje er i strid med føresegner i eller med heimel i plan- og bygningslova, jf. pbl. § 21-4 første ledd.

Etter plan- og bygningslova § 11-6 er kommuneplan juridisk bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak. Tiltak som er i strid med plan eller føresegner i plan- og bygningslova, kan berre givast løyve til dersom det blir gitt dispensasjon frå føresegnene tiltaket strir mot, sjå pbl. kapittel 19.

Kommunen kan med heimel i pbl. § 19-2 gi dispensasjon frå føresegner gitt i eller med heimel i plan- og bygningslova. Etter § 19-2 kan det ikkje givast dispensasjon dersom omsyna bak føresegna det blir dispensert frå, omsyna i lova si føremålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det følgjer av lovførearbeida¹ at avvik frå arealplanar reiser særlege spørsmål:

«De ulike planene er som oftest blitt til gjennom en omfattende beslutningsprosess og er vedtatt av kommunens øverste folkevalgte organ, kommunestyret. Planene omhandler dessuten konkrete forhold. Det skal ikke være en kurant sak å fravike gjeldende plan.»

Dispensasjoner må heller ikke undergrave planene som informasjons- og beslutningsgrunnlag. Ut fra hensynet til offentlighet, samråd og medvirkning i planprosessen, er det viktig at endringer i planer av betydning ikke skjer ved dispensasjoner, men behandles etter reglene om kommuneplanlegging og reguleringsplaner. Innstrammingen er likevel ikke til hinder for at det f.eks. dispenseres fra eldre planer som ikke er fullt utbygget, og der reguleringsbestemmelsene er til hinder eller direkte motvirker en hensiktsmessig utvikling av de gjenstående eiendommene.»

Hovudomsyna bak plankravet er å sikre ei heilskapleg, brei og grundig vurdering av arealbruken i eit bestemt område, der offentlege myndigheiter, grunneigarar og andre råka får høve til å gi innspel i prosessen. Vidare er omsyn bak plankravet å avklare overordna forhold som infrastruktur, grøntområde mv. før utbygging blir tillate.

¹ Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) s. 242.



Hovudomsyna bak LNF-føremålet er å ivareta samanhengande landbruksområde og grønstruktur, og unngå uheldig omdisponering eller fragmentering av slike område. Vidare skal LNF-føremålet ivareta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap. Eit LNF-område skal i utgangspunktet vere bygd, med unntak av bygningar som er nødvendige for drift av landbrukseigedommen.

Vilkåra i pbl. § 19-2 er rettslege vurderingstema, ikkje eit kommunalt skjøn. Det er difor ikkje høve til å leggje nemneverdig vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Dispensasjon krev grunngitt søknad. Grunngivinga for å dispensere skal etter forvaltningspraksis vere spesiell og gjelde særleg for tiltaket, og kommunen skal ikkje dispensere ut frå meir generelle vurderingar.

Reglar om naturmangfald

Det går fram av naturmangfaldslova § 7 at føresegnene i naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggst til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit, og at vurderinga skal gå fram av avgjerda.

Reglar om byggverk si høgde

Plan- og bygningslova § 29-4 første ledd seier følgjande:

«Byggverkets plassering, herunder høydeplassering, og byggverkets høyde skal godkjennes av kommunen. Kommunen skal påse at veglovas bestemmelser om byggegrense og frisikt blir fulgt. Bygning med gesimshøyde over 8 meter og mønehøyde over 9 meter kan bare føres opp hvor det har hjemmel i plan etter kapittel 11 eller 12.»

Statsforvaltaren si vurdering

Behov for dispensasjon

Det er på eigdommen tillate med nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt verksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag og drift i dag, jf. KPA sine føresegner § 23.2.

Det går fram av saka si opplysning at den omsøkte gardsvindmølla sin energiproduksjon vil gå langt utover det som er behov for på gardsbruket i dag, ut frå den konkrete produksjonen og ressursane på søknadstidspunktet. Energiproduksjonen vil difor ikkje i det vesentlege forbrukast på garden, ut frå gardens noverande energibehov. Vi har på bakgrunn av dette og tiltaket si innverknad for natur- og landskapsverdiane i området, ikkje vesentlege merknader til kommunen si vurdering av at tiltaket ikkje er i tråd med LNF-føremålet.²

Tiltaket er dermed avhengig av dispensasjon frå LNF-føremålet og plankravet i KPA. Tiltaket er også høgare enn ni meter, og krev dermed dispensasjon frå pbl. § 29-4 første ledd.

Vurdering av dispensasjon

Bli LNF-føremålet og omsynet bak plankravet sette vesentleg til tide?

Det er søkt om dispensasjon for gardsvindmølla for å få betre driftsgrunnlag på garden, og sikre at garden kan utvide og auke matproduksjonen i framtida. Vindmølla legg beslag på eit lite areal, og er søkt på uproduktiv mark, like nord for tunet. Omsynet til landbruk taler difor ikkje mot dispensasjon i saka. Vindmølla vil likevel kunne ha negative verknader for naturmangfald og naturverdiar i området, særleg for fuglar og utsette artar.

² Se Veileder H-2401 Garden som ressurs s. 8-10 og TUDEP sak 22-3006.



Kommunen viser mellom anna til at tidlegare løyve og vurderingar har lagt til grunn at det kunne givast løyve til gardsvindmølle på denne eigedommen, og at plassering er nøye gjennomtenkt for å minske ulempene for omgivnadene og redusere visuelle inntrykk. Vidare seier kommunen at vindmølla ikkje vil føre til større ulemper enn det som er tilfellet i dag, med store industrivindmøller i området. Kommunen vurderer at omsynet til lokal grønn energiproduksjon veg tyngre enn naturverdiane i saka, og viser mellom anna til at vindmølla ikkje ligg i eit KULA-område og innanfor BirdLife Norge sitt område over Jæren IBA (Important Bird Area).

Vi viser til at omsøkte område ikkje ligg innanfor landskapsverneområde og KULA-område, men ligg like ved området av Høg-Jæren som er omfatta av KULA-område og Synesvarden landskapsverneområde. Det går fram av Temakart Rogaland og Miljødirektoratet sin Naturdatabase at det er mange viktige naturverdiar i området som tiltaket skal plasserast i. Garden der det er søkt om vindmølle, ligg mellom vatna Storamøset og Litlamøset.

Statsforvaltaren i Rogaland viser til at nettopp området ved Storamøset og Litlamøset ut frå terreng, biotopar og artsobservasjonar er eit større, sårbart og samanhengande våtmarkssystem som står i ein særstilling på Høg-Jæren. Vindmølla har ein avstand på ca. 200 meter til Litlamøset og 550 meter til Storamøset. Eit større område mellom Storamøset og garden er myr/ våtmark. I artsobservasjonar/ artskart representerer lokaliteten «Litlamøset» vassflatene og områda rundt, inkludert garden. Det er registrert fleire raudlista fugleartar på lokaliteten «Litlamøset» og lokaliteten «Storamøset».

Vi viser til at det går fram av databasar for artsobservasjonar at særleg høge kollisjonstal for fugl er funne i tilknytning til våtmark og andre vassmiljø, og at andefugl og vadamar er særleg utsette. Fråviking frå område som følgje av vindmøller som forstyrrende element er også ein viktig del av dei negative konsekvensane. Det går fram av saka at for artane som er observerte i området, vil tap av vaksne individ ha ein særleg stor negativ effekt på ein bestand. Det går vidare fram av saka og kart i databasen Artsobservasjonar at omkringliggende vindmøller, inkludert Høggjæren vindmøllepark, vil ha mindre påverknad for våtmarksfuglane som oppheld seg i og flyttar mellom dei aktuelle vatna, sidan hekkeområda til desse fugleartane i mindre grad blir råka av vindmøllene. For andre artsgrupper som i betydeleg større grad blir påverka av dei store industrimøllene i området, som trekkande rovfugl, vil fleire vindmøller på fleire stader gi større kollisjonsfare og/ eller barriereeffekt.

Til tiltakshavaren sine utsegner knytt til kjeldedokumentasjonen og vurderingane som er gjorde, viser vi til kunnskapsgrunnlaget i saka om naturverdiane i området og kva verknader ei gardsvindmølle kan ha, og finn ikkje grunnlag for å seie at kjeldedokumentasjonen ikkje er påliteleg. Slik vi kan sjå det ut frå kunnskapsgrunnlaget i saka, vil tiltaket kunne ha uheldige verknader for utsette fugleartar og naturmangfaldet i området, i form av kollisjonsfare og negative konsekvensar for områdebruken. Vi viser til at det i saka er snakk om eit lite våtmarksområde, der det er observert hekkeområde for utsette fugleartar, som flytter seg lokalt. Slik vi vurderer det, vil dermed ei enkelt gardsvindmølle i nærleiken av tunet ha negative verknader for desse fugleartane, sjølv om det er eksisterande vindmøller i nærleiken.

Vi er samde med Statsforvaltaren i Rogaland i at ei gardsvindmølle i kjernen av dette våtmarksområdet vil innebere eit nytt inngrep for dei aktuelle våtmarksartane. Vidare sluttar vi oss til Statsforvaltaren i Rogaland sin konklusjon om kommunen si vurdering av tiltaket etter naturmangfaldlova og den samla verknaden for naturmangfaldet i området er mangelfull, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12 og fvl. § 25. På bakgrunn av opplysningane i saka, vurderer vi det slik at omsøkte gardsvindmølle vil føre til større ulemper enn det som er tilfellet i dag som følgje av



eksisterande vindmøller, og meiner at den vil auke den samla belastninga på området, jf. naturmangfaldslova § 10. Dette tilseier at arealbruken bør avklarast i plan, som vil sikre ei brei og heilskapleg vurdering. Vi viser også til at det er under utarbeiding ein meir langsiktig plan for gardsvindmøller i kommunen.

Omsynet til å ivareta eit våtmarksområde med eit stort tal raudlista artar er ei klar nasjonal interesse, og nasjonale og regionale myndigheiter har også gitt negative fråsegner i saka, jf. pbl. § 19-1. Det skal mykje til for å fråvike ein gjeldande plan. Kommunen har i plansamanheng tatt stilling til kva areal som skal avsetast til LNF-føremål og når det gjeld plankrav. Omsynet til ei heilskapleg planlegging av området og at kommuneplanen ikkje skal undergravast som styringsverktøy, tilseier at utviklinga ikkje bør styrast ved enkeltdispensasjonar, men heller ved plan. Ein planprosess vil sikre tilstrekkeleg medverknad i prosessen for alle med interesser i området, og at aktuelle naturressursar, mellom anna kritisk trua artar og våtmarksområdet blir tilstrekkeleg vurderte for påverknad samla sett, og at dette blir teke omsyn til samla i plan for heile området. Vi finn på bakgrunn av det ovannemnde og etter ei konkret vurdering av saka, at ein dispensasjon vil sette omsynet til naturmangfald og naturverdiar, i tillegg til omsyna bak plankravet, vesentleg til side.

Vilkåret om at fordelane med ein dispensasjon må vere klart større enn ulempene

Vi har forståing for tiltakshavaren sitt ønskje om oppføring av gardsvindmølla for å betre driftsgrunnlaget for garden og sikre at garden kan utvide og auke matproduksjon i framtida. Gardsvindmølla kan likevel ikkje reknast som eit tiltak nødvendig for gardsdrifta no, jf. vurderinga ovanfor. Gardsvindmøller kan vere eit viktig tilskot for grøn fornybar energiforsyning, og vi ser at det kan vere fleire fordelar med gardsvindmøller, blant anna i eit miljø- og samfunnsmessig perspektiv, og for å legge til rette for landbruk som ei viktig næring og mattryggleik. Vi kan likevel ikkje sjå at fordelane med ein dispensasjon er klart større enn ulempene i saka, som er uheldige verknader for naturverdiar og naturmangfald. Vi viser til at ein i plan kan få ein heilskapleg avklaring av arealbruken og avveging av ulike omsyn og interesser knytt til plasseringa av gardsvindmølla. Vi finn dermed at vilkåra for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2 andre ledd ikkje er oppfylte.

Når det gjeld utsegn om usakleg forskjellshandsaming, viser vi til at dette ikkje er relevant i vurderinga av vilkåra i pbl. § 19-2 andre ledd, sidan dette gjeld rettsbruk. Dette vil først vere relevant i vurderinga etter føresega sitt første ledd, som gjeld fritt skjøn, dersom vilkåra i andre ledd er oppfylte.³ Vi viser vidare til at det må gjerast ei konkret vurdering av tilhøva i den enkelte dispensasjonssak, og vi tek ikkje stilling til vurderingar som er gjorde i tidlegare saker.

Etter dette kan det ikkje givast dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel 3.1 plankrav og § 23 LNF-føremål, areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt verksemd, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Dersom det vert laga ein reguleringsplan for gardsvindmølle, vil ein kunne få ei langt betre vurdering av dei omstridde temaa; om fuglelivet i området og om vindmøller kan gjere skade sjølv om dei er mykje mindre enn dei store i mølleparken.

Slik sett tek ikkje Statsforvaltaren endeleg stilling til om denne typen vindmøller kan tillatast eller ikkje. Konklusjonen inneber at når det er dokumentert miljøinteresser som i dette tilfellet, så må ein ha ein plan og ikkje dispensasjon.

³ Sjå Miljødepartementet si fråsegn i sak UMD-2010-2535.



Sidan det ikkje kan givast dispensasjon frå LNF-føremålet og plankravet, tek vi ikkje stilling til om det kan givast dispensasjon frå pbl. § 29-4.

Avslutningsvis

Statsforvaltaren finn etter dette grunnlag for å omgjere Time kommune sitt vedtak av 25.05.2023, sak 046/23 til avslag. Klaga har ført fram.

Statsforvaltaren sitt vedtak på side éin er endeleg, og kan ikkje påklagast vidare, jf. fvl. § 28 tredje ledd.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. statsforvaltar

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

TIME KOMMUNE
Tor Even Mæland

Postboks 38
Buevegen 1084

4349
4342

BRYNE
UNDHEIM